

## MØTEINNKALLING

---

Kopi til: Ordføreren  
Revisor  
Rådmannen

Medlemene av  
Kontrollutvalet

### INNKALLING TIL MØTE I NORDDAL KONTROLLUTVAL

Det vert med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

**tirsdag, 23.03.2010 kl. 14.00 på  
Rådhuset**

#### SAKLISTE:

- Sak 10/10 - Godkjenning av møtebok frå møte 12. februar 2010
- ” 11/10 - Plan for selskapskontroll
- ” 12/10 - Kontrollrapport 2009 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen i Norddal kommune
- ” 13/10 - Om KRD si arbeidsgruppe for styrking av eigenkontrollen i kommunane
- ” 14/10 - Om byggeløyver i kommunen

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 97 60 57 83 til dagleg leiar eller e-post [kontrollutval@kontrollutval.no](mailto:kontrollutval@kontrollutval.no).

Arne Sandnes  
leiar  
(sign.)

**KONTROLLUTVALET I  
NORDDAL KOMMUNE**

**MØTEBOK**

Møtedato: 12. februar 2010

Møtestad: Norddal Rådhus kl 09.30

Møtet vart leia av: Arne Sandnes.

Elles til stades:

Signe Brenna og Frank Iversen

**= 3 voterande**

Arne Sandnes gikk frå møtet etter behandling av sak 07/10 og Signe Brenna leia møtet frå og med sak 08/10.

Dagleg leiar i Norddal eigedomsselskap KF Arne Krohn var tilstades i sak 04/10 og assisterande rådmann Helge Svendsvik var tilstades i sak 05/10.

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne og advokat Kjetil Kvammen.

Frå kommunerevisjonen møtte dagleg leiar Kjetil Bjørnsen.

Sakene vart behandla i denne rekkefølga:

**SAK 04/10**

**ORIENTERING OM NORDDAL EIGEDOMSSELSKAP KF**

Orientering gitt av dagleg leiar Arne Krohn.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

**SAK 05/10**

**ORIENTERING OM SITUASJONEN VED LEGEKONTORET**

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 01.02.2010.

Orientering gitt av assisterande rådmann, Helge Svendsvik.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet har saka til observasjon.

**SAK 03/10**

**VIDARE VURDERING AV FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT**

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 01.02.2010 vedk. val av forvaltningsrevisjonsprosjekt.

**Kontrollutvalet si samrøystes innstilling:**

1. Ei overordna vurdering av intern kontroll og organisasjonsstruktur i Norddal kommune.
2. Ei vurdering av sjølvkostprinsippet m.m. innan VAR – området samt praktisering av refusjonsreglane i Plan- og bygningslova.

Kontrollutvalet får fullmakt til sjølv å føreta ei nærare prioritering innan desse områda.

**SAK 06/10**

**MØTEPLAN 1. HALVÅR 2010**

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 01.02.2010.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet sine møte 1. halvår 2010 er planlagt følgjande datoar: 12.02.2010, 23.03.2010 og 20.05.2010. Møtetidspunkt blir sett til kl. 14.00.

**SAK 1/10**

**GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 16. OKTOBER 2009**

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Møtebok frå møte i kontrollutvalet 16. oktober 2010 blir godkjent.

**SAK 2/10**  
**ORIENTERING OM STATSBUDDSJETTET**

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 01.02.2010.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

**SAK 07/10**  
**VEDK. FORMANNSKAPSAK 133/09 – FORHOLDET TIL OFFENTLEGLIVA**  
(saka kom opp under eventuelt)

For å kunne unnta eit dokument frå offentlegheit, må det visast til lovheimel. I saksdokumentet til formannskapssak 133/09 blir det m.a. vist til "Off. lova § 5a" (gammal lov). Ny offentleglov vart innført 01.01.2009. Av vegledaren til lova går det fram at førehandsklassifisering er uvanleg.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

1. Kontrollutvalet ber om at gradering av dokument i forhold til offentlegheit knytt til resultatavtale rådmann 2010, formannskapssak 133/09, blir vurdert opp i mot Offentleglova.
2. Kontrollutvalet vil eventuelt kome tilbake til saka.

**SAK 08/10**  
**OFFENTLEGGJERING AV VASSAVGIFTER** (saka kom opp under eventuelt)

Kommunale vassavgifter representerer ikkje forretningsverksemd eller næringsverksemd som er unnateke reglane i Offentleglova, men forvaltning av lover og forskrifter. For å kunne unnta eit dokument frå offentlegheit, må kommunen vise til rett lovheimel.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet føreset at kommunen ved forespørsel om innsyn innordnar seg etter reglane i Offentleglova.

**SAK 09/10**  
**BYGGESAK I TAFJORD** (saka kom opp under eventuelt)

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Saka blir å kome tilbake til i neste møte.

Arne Sandnes  
leiar  
(sign.)

Signe Brenna  
medlem  
(sign.)

Frank Iversen  
medlem  
(sign.)

# SUNNMØRE KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS

Kontrollutvalet

Dato: 17.03.2010

## SAK 11/10 PLAN FOR SELSKAPSKONTROLL

Som vedlegg følger

- Oversikt over selskap der kommunen har eigarinteresser i flg. kommunerekneskapen for 2008 (lista er ikkje fullstendig og kommunalt foretak er ikkje med)

### OM SELSKAPSKONTROLL

Det første underomgrepet innan selskapskontroll er "eigarskapskontroll". Det er definert i kontrollutvalsforskrifta § 14 første ledd andre leddsetning: "... kontrollere om den som utøver kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser i selskaper gjør dette i samsvar med kommunestyrets/fylkestingets vedtak og forutsetninger (eierskapskontroll)." Denne kontrollforma er ikkje djuptgåande og gjeld eigentleg ikkje selskapet, men derimot utøvinga av eigarstyringa. Denne oppgåva kan gjerast av kontrollutvalsekretariatet eller revisjonen.

Det andre underomgrepet er "forvaltningsrevisjon av selskap". Det er omtalt i kontrollutvalsforskrifta § 14 andre ledd. Dette er ein djuptgåande kontroll av selskapet og ettersom denne er definert som revisjon, kan den berre utførast av revisjonen. Forskrifta viser her til definisjonen av forvaltningsrevisjon i revisjonsforskrifta § 7.

Eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon kan seiast å markere to ytterpunkt i Selskapskontrollen, på den eine sida kontroll av utøvinga av eigarstyringa, på den andre kontroll av måloppnåing, ressursbruk og liknande i selskapet. Mellom desse ytterpunkta kan det ligge kontrollar av selskap som kombinerer element frå dei to kontrollformene.

**1.1 KONTROLL SOM SELSKAPSORGANA SJØLVE ER ANSVARLEGE FOR**  
Rekneskapane til aksjeselskap og interkommunale selskap blir reviderte av selskapa sin revisor. Her ligg det ein vesentleg kontroll. Revisjonsmeldinga er retta til generalforsamlinga, der representantane for eigarane sit. Andre element i kontrollen internt i selskapet vil vere internkontrollen til dagleg leiar, kontrollen til styret og ein eventuell internrevisjon.

### 1.2 KVA ER SELSKAPSKONTROLL

I tillegg til den kontrollen som selskapa sjølve driv, er kommunane pålagde å drive

kontroll overfor selskapa sine. Selskapskontroll går ut på å vurdere i kva grad kommunen si eigarstyring og verksemda i selskapa er i tråd med vedtektene til selskapet og med vedtaka og føresetnadene til kommunestyret.

Selskapskontroll er ei obligatorisk oppgåve for kontrollutvalet, jf. kommunelova § 77 nr. 5: "Kontrollutvalget skal påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens interesser i selskaper m.m." Ein reiskap i selskapskontrollen er det vide innsynet som kommunelova § 80 gir for kontrollutvalet og revisor i kommunalt eigde selskap.

Selskapskontrollen er ei lovfesta kontrollform som samspejar med eigarstyringa elles. Kontrollutvalet har gjennom selskapskontrollen ei sentral rolle overfor kommunen sine aktivitetar som eigar. Utanom selskapskontrollen er eigarrolla i liten grad regulert i lov eller forskrift. Det er derfor opp til kommunane og kommunesektoren sjølv å finne fram til gode måtar å handtere eigarskapen på.

Hovudomgrepet er selskapskontroll, og det dreier seg altså om kontroll med forvaltninga av dei interessene kommunen har i selskap. Definisjonen er den same som i staten, jf. lov om Riksrevisjonen § 9 andre ledd. Selskapskontroll kan romme ulike kontrollar.

Eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon er i utgangspunktet kontrollformer som kan nyttast overfor alle selskap kommunen er medeigar i. Innsynsretten etter kommunelova § 80 er avgrensa til interkommunale selskap og aksjeselskap som er fullt ut eigd av kommunar og fylkeskommunar. I den grad innsyn er naudsynt for å gjennomføre eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon, til dømes om ein treng informasjon som ikkje er tilgjengeleg i offentlege kjelder, vil ein måtte avgrense kontrollen til selskap som fullt ut er eigd ut av kommunar og fylkeskommunar. Kommunelova § 80 gir kommunane innsyn i selskap, men heimlar ikkje i seg sjølv kontroll.

Kontrollutvala har vide fullmakter til å kontrollere selskap som kommunen eig. Reglane om selskapskontroll kom i 2004, og dette er dermed framleis ei ung kontrollform. Selskapskontrollen er obligatorisk ved at kontrollutvalet skal sjå til at slik kontroll blir gjennomført, og lage ein plan. Det er likevel valfritt om selskapskontrollen skal omfatte forvaltningsrevisjon.

### **1.3 ORGANISERING SOM RISIKOFAKTOR**

KS har henta inn *Kommunal selskapsstatistikk* i 2009 (Telemarkforskning), som viser at kommunane og fylkeskommunane eig 2600 selskap. Om lag 75 prosent av dei er aksjeselskap. Selskapa har ei omsetning på om lag 100 milliardar kroner. Verdiane dei forvaltar, er vanskelegare å anslå, men *Kommunal selskapsstatistikk* ser for seg om lag 300 milliardar kroner. Selskapa har over 50 000 tilsette.

Kontrolldimensjonen bør bli vurdert når kommunen organiserer verksemda si. Generelt bør kommunestyra vere merksame på fordelane og ulempene med dei ulike organisasjonsformene kommunane kan velje blant. Dersom kommunen vurderer å skipe eit kommunalt føretak, bør kommunestyret vere merksampå at verksemda i føretaket etter gjeldande reglar ikkje er omfatta av internkontrollansvaret til administrasjonssjefen sjølv om føretaket er ein del av kommunen. Dersom kommunen vurderer å lage ei stifting, bør kommunestyret vere merksam på at kommunen ikkje eig stiftinga og kan ikkje kan endre føremålet med stiftinga og har ikkje vil ha innsynsrett i stiftinga etter kommunelova § 80.

Samansetjinga av styret er viktig i kontrollsamanheng. Endringane i habilitetsreglane frå november 2011 er meint å skape auka rolleklarleik. Endringane går ut på at leiarar og styremedlemmer i kommunalt eigde selskap blir inhabile når selskapet er part i ei sak som blir behandla i kommunen, sjå nærare om dette i Ot.prp. nr. 50 (2008-2009).

#### **1.4 EIGARSKAPEN MÅ HA EIT FØREMÅL**

Det er ein føresetnad for god kontroll med kommunalt eigde selskap at kommunestyret veit kvifor kommunen eig selskapet. Her er mange kommunar på god veg, mellom anna gjennom tilrådingane frå KS Eigarforum. Av Ot. Prop. Nr. 70 (2002-2003) går mellom anna følgjande fram:

*For kommunestyret som øverste ansvarlige organ i kommunen vil det også være viktig hele tiden å vurdere om de organisasjonsformer som kommunen har valgt for sin virksomhet, er egnet til å fremme de mål og verdier for kommunens virksomhet som kommunestyret mener er viktige.*

Dersom kommunen vel å etablere eit føretak eller eit selskap, må det definerast eit føremål med eigarskapen – både for at selskapa skal kunne skape resultat for innbyggjarane, for at kommunestyra kan drive god eigarstyring, og for at kontrollutvalet skal kunne drive tenleg og naudsynt kontroll. For å halde tritt med utviklinga i selskapa og omgivnadene deira bør kommunestyret behandle eigarskapsmeldingar og- strategiar for alle selskap og føretak minst ein gong i kvar periode.

#### **1.5 BRUKEN OG NYTTEN AV SELSKAPSKONTROLL**

Selskapskontroll kan vere retta mot eigarstyringa til kommunen og mot selskapet. Dersom fleire kommunar går saman om å kontrollere eit selskap dei eig saman, kan dette både teljast som ein selskapskontroll og som ei tinging frå kvart kontrollutval. Desse forholda gjer at ein må vite kva ein spør om når ein kartlegg bruken av selskapskontroll.

#### **1.6 SAMORDNING AV KONTROLLEN I SELSKAP MED FLEIRE KOMMUNAR SOM EIGARAR**

I kommunesektoren er det vanleg med interkommunalt samarbeid gjennom selskap som kommunane eig saman. Interkommunale selskap er ei selskapsform som er utforma særskilt for slik verksemd som kommunane samarbeider om, men aksjeselskap som er eigd av fleire kommunar, er også vanleg.

Reglane for selskapskontroll gir kvar eigarkommune store muligheiter til å føre kontroll, men har ikkje føresegner om samordning av felles kontrollaktivitetar. I og med at selskapskontroll er krevjande, også økonomisk, kan fråver av samordning bli fråver av kontroll. Dette gjeld særleg for selskapskontroll med forvaltningsrevisjon, som krev fleire timar enn annan selskapskontroll. Fråver av samordning av kontroll av selskapet kan òg innebere sløsing med ressursar dersom dei same tilhøva nyleg er kontrollerte i ein annan selskapskontroll. Det bør vere ein dialog om korleis ein skal drive selskapskontrollen med selskap der fleire kommunar er eigarar. Dette bør vere eit tema allereie når slike selskap blir stifta. Ei løysing er at vedtektene for selskapet seier kven av eigarkommunane som skal ha eit overorda ansvar for å samordne selskapskontrollen gjennom kontrollutvalet sitt. Ei anna løysing er å skrive inn samordning i ein selskapsavtale mellom dei deltakande kommunane. Dette vil sjølvsagt ikkje avgrense dei moglegheitene som dei andre eigarkommunane har til å drive selskapskontroll, men det kan gjere det tydeleg kven som har ansvaret for å ta



initiativ til å setje i gang selskapskontroll. Tilsynsansvaret omfattar ikkje verksemd som går føre seg i ein annan kommune.

Kontrollutvalet i vertskommunen vil ha ansvaret for å føre løpande tilsyn med verksemda i (verts)kommunen etter dei vanlege reglane. At delar av verksemda dreier seg om saker der mynde er delegert frå andre kommunar, bør ikkje endre på dette. Ettersom kontrollutvalet etter lova utøver tilsynet sitt på vegne av kommunestyret, oppstår det likevel eit spørsmål i samband med det formelle ansvarsområdet til kontrollutvalet. Kommunestyret i vertskommunen har til ein viss grad ikkje høve til å gi instruksar i saker som er delegerte frå andre kommunar. Formelt ville derfor myndigheita til kontrollutvalet vere tilsvarande avgrensa, sidan det får myndet si frå kommunestyret.

Kontrollutvala bør få den informasjonen om selskapa som dei treng for å planleggje selskapskontrollen. Sekretariata har eit ansvar her. Kommunestyret kan etter kommunelova § 80 andre ledd fastsetje føresegner om kva dokument selskapa skal sende til kontrollutvalet og revisor. Det er òg viktig at selskapa sjølve følgjer regelen i kommunelova § 80 tredje ledd:

*”Kontrollutvalget og kommunens eller fylkeskommunens revisor skal varsles og har rett til å være tilstede på selskapets generalforsamling, samt møter i representantskap og tilsvarende organ.”*

### **1.7 SELSKAP MED BÅDE KOMMUNALE OG PRIVATE EIGARAR**

Selskap der det også er private eigarar med, skapar større utfordringar i eit kontrollperspektiv fordi kommunen ikkje har same retten til innsyn som elles. Det vil vere opp til kommunane å syte for at kontrollfunksjonen blir sikra under etableringa av slike selskap.

Kommunane bør utforme gode eigarstrategiar før dei deltek i selskap der private er medeigarar. Kommunen bør vidare vurdere å krevje innsyn slik at kontrollutvalet kan gjennomføre selskapskontroll og forvaltningsrevisjon av selskapet ut frå kommunen sine interesser.

### **1.8 KONTROLL MED VERTSKOMMUNESAMARBEID**

Ansvarsområdet til kontrollutvalet vil i utgangspunktet ikkje bli endra når kommunen blir med i eit vertskommunesamarbeid. Kontrollutvalet har ansvar for å utøve det løpande tilsynet med verksemda til kommunen på vegne av kommunestyret. Tilsynsansvaret omfattar ikkje verksemd som går føre seg i ein annan kommune.

Kontrollutvalet i vertskommunen vil ha ansvaret for å føre løpande tilsyn med verksemda i vertskommunen etter dei vanlege reglane. At delar av verksemda dreier seg om saker der mynde er delegert frå andre kommunar, bør ikkje endre på dette. Ettersom kontrollutvalet etter lova utøver tilsynet sitt på vegne av kommunestyret oppstår det likevel eit spørsmål i samband med det formelle ansvarsområdet til kontrollutvalet. Kommunestyret i vertskommunen har til ein viss grad ikkje høve til å gi instruksar i saker som er delegert frå andre kommunar. Formelt vil derfor myndet til kontrollutvalet vere tilsvarande avgrensa, sidan det får myndet sitt frå kommunestyret. Departementet legg likevel til grunn at dette ikkje vil innebære at myndet til kontrollutvalet i vertskommunen nødvendigvis må avgrensast tilsvarande. Kontrollutvalet skal i alle høve ikkje overprøve den politiske sida av vedtaka eller kor tenlege ulike vedtak er. Kontrollutvalet vil konsentrere seg om at lover, reglar og avtalar

blir følgde. Dette ansvaret vil kontrollutvalet i vertskommunen kunne ha sjølv om kommunestyret i vertskommunen vil ha avgrensa mynde i saker som kjem frå andre kommunar. For å slå fast dette er det teke inn ei føresegn om dette i kommunelova § 28j.

Det kan vidare vere behov for at kontrollutvala i samarbeidskommunane får informasjon om vedtak i vertskommunen etter delegert myndigheit. I samarbeidsavtalen skal det takast inn føresegner om informasjon frå vertskommunen til kvar einskild samarbeidskommune. Kontrollutvalet i samarbeidskommunane vil ha rett til den same informasjonen som den kommunen sjølv får. Kontrollutvalet i samarbeidskommunen vil ha tilgang til all dokumentasjon og all informasjon som samarbeidskommunen får.

Det er ikkje gitt spesielle reglar om revisjon for vertskommunesamarbeid. Det å inngå vertskommunesamarbeid inneber ikkje behov for endringar i regelverket om rekneskap for kvar einskild kommune. Revisjon av rekneskapa i dei aktuelle kommunane kan gjennomførast etter dei vanlege reglane.

Når det gjeld forvaltningsrevisjon, kan det likevel vere tenleg at det blir etablert kontakt om samarbeid mellom deltakarkommunane dersom det skal gjennomførast forvaltningsrevisjon av sjølve vertskommunesamarbeidet.

## **1.9 OMFANGET AV INNSYNSRETTE**

Kommunelova § 80 seier ikkje noko om selskapskontroll med samarbeid etter kommunelova § 27. Kommunen har uavkorta innsyn så lenge samarbeidet ikkje er eige rettssubjekt. Heimelen i kommunelova § 27 blir framleis nytta til ulike type verksemdar som er sjølvstendige rettssubjekt. Kommunelova § 80 gir heller ikkje rett til innsyn i stiftingar som kommunen har teke initiativ til eller er knytt til på annan måte, til dømes gjennom rett til å velje styremedlemmer.

## **SELSKAPSKONTROLLEN I NORDDAL KOMMUNE**

Selskapskontroll i ein eller annan form er aktuelt for selskapa som går fram av vedlagte liste.

Tafjord Kraft AS er det største engasjementet, men dette er ikkje eit heileigde kommunalt selskap og selskapskontrollen vil derfor berre omfatte formålet med eigarskapet samt korleis kommunen forvaltar sine eigarinteresser jf kommunelova § 77 nr. 5 og kontrollutvalgforskrifta § 14. Eit stort heileigd aksjeselskap er derimot Norddal Elverk AS.

For enkelte av desse selskapa er det naturleg å tru at kommunen har eit bevisst forhold til føremålet med eigarskapet. Det er uvisst om det er behov for forvaltningsrevisjon i nokon av desse selskapa, men det kan kontrollutvalet ha ei løpande vurdering av. Det naturlege vil nok vere å starte med ein selskapskontroll der ein undersøker korleis kommunen opptrer som eigar. Dette gjeld oppfølging av økonomien i selskapa, føremålet med å eige og utarbeiding av eigarskapsmeldingar, om kommunen utøver eigarinteressene i samsvar med lova for den aktuelle verksemda og kommunen sine vedtak.

Ein selskapskontroll av Åknes/Tafjord Beredskap IKS har også vore på tale.

På bakgrunn av ovanstående blir saka lagt fram for kommunestyret med forslag om slik

**innstilling :**

Det blir gjennomført ein eigarskapskontroll i samsvar med kontrollutvalsforskrifta § 14 første ledd d.v.s kontrollere om den som utøver kommunens eigarinteresser i selskaper gjer dette i samsvar med kommunestyret sine vedtak og forutsetningar. Denne kontrollen gjeld ikkje selskapa som sådann, men utøvinga av eigarstyringa.

Harald Rogne  
dagleg leiar

**Note 5 Aksjer og andelar i varig eige** (FKR § 5 nr. 5)

Selskapet sitt navn	Eierandel i selskapet	Eventuell markedsverdi	Balanse ført verdi 31.12.2008	Balanse ført verdi 31.12.2007
Norsk Skogindustri AS	110 aksjar	0	11 725	11 725
AS Møretre	1 aksje	0	500	500
AS Storfjordsambandet	1 aksje	0	1 000	1 000
AS Nordøyvegen	1 aksje	0	1 000	1 000
Kommunekraft AS	1 aksje	0	1 000	1 000
Norsk skjemaforlag AS	2 aksjar	0	200	200
Vestnorsk Reiselivsmuseum	1 aksje	0	2 500	2 500
Tafjord Kraft AS	4,275 %	0	17 100 000	17 100 000
Vitafjord AS	250 aksjar	kr	150 000	150 000
Storfjord Helsesenter AS	49 %	kr	1 383 760	497 350
Sunnmøre Målkontor PL	1 part	0	100	100
Sunnmørshallen AL	10 aksjar	0	1 000	1 000
Fjørå Vassverk LL	3 andelar	0	7 500	7 500
Storfjord Kulturhus AL	5 andelar	0	5 000	5 000
Ytterdal Nye Vassverk PL	5 partar	0	10 500	10 500
Norddal Vassverk PL		0	15 000	15 000
Tafjord Vassverk PL	3 partar	0	7 000	7 000
Norddal Elverk AS	100 %	0	11 000 000	11 000 000
Ålesund og Giske Bruselskap AS	10 aksjar	0	10 000	10 000
Destinasjon Geirangerfjord-Trollstigen AS	49 aksjar		49 000	49 000
Radio Storfjord AS	400 aksjar	0	40 000	40 000
	2620 aksjar			
Muritunet AS			2 620 000	2 620 000
Det Norske Teater AS	1 aksje		400	400
Valldal Kailag AS	201 aksjar		20 300	20 300
Valldal Småbåteigarlag AL	1 andel		2 000	2 000
Tresfjordbrua AS	1 aksje		5 000	5 000
Fjordhagen AS	250 aksjar		25 000	25 000
Sunnmøre Veginvest AS	10 aksjar		10 000	10 000
Gallerie Tafjord AS	400 aksjar		400 300	400 300
Åknes - Tafjord IKS			525 000	
Egenkapitaltilskott KLP			1 311 165	1 058 285
<b>Sum</b>		<b>0</b>	<b>34 715 950</b>	<b>33 051 660</b>

**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 17.03.2010

**SAK 12/10  
KONTROLLRAPPORT 2009 VEDKOMANE SKATTEOPPKREVJARFUNKSJONEN  
I NORDDAL KOMMUNE**

Som vedlegg følger:

- Kontrollrapport 2009 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen i Nordal kommune

Staten har frå 01.07.2004 teke over det totale ansvaret for kontroll og revisjon med skatteoppkrevjarfunksjonen. Riksrevisjonen har ansvaret for den formelle revisjonen av skatterekneskapen, mens oppfølginga av den interne kontroll hos skatteoppkrevjar, blir utført av skattefuten.

I brev av 21.02.2005 kjem Skattedirektoratet med ei anbefaling til ny ordning for behandling av skatterekneskapen. Etter den nye ordninga er det føresett at dei kommunevise skatterekneskapa blir avgjeve ovanfor Skattedirektoratet v/skattefuten. Skatterekneskapen blir sett på som ein delrekneskap til Skatteetaten sin samla rekneskap. Den formelle revisjon er tillagt Riksrevisjonen, og vert utført som ein del av Riksrevisjonen sin kontroll av Skatteetaten si samla verksemd.

Riksrevisjonen sine konklusjonar etter den årlege revisjonen av skatterekneskapa vil bli kommunisert til Skattedirektoratet i avsluttande revisjonsbrev. Vesentlege og prinsipielle forhold vil i samsvar med gjeldande lover og reglar bli rapportert til Stortinget. Stortinget foretar desisjon (godkjenning) av Skatteetaten sitt samla rekneskap. Skattedirektoratet ser det difor ikkje lenger som naturleg at kommunestyret skal foreta ein formell desisjon av kommunen sitt skatterekneskap.

Etter ”Midlertidig instruks for skattefogdens kontroll av skatteregnskapet” skal skattefuten innan den 15. februar året etter rekneskapsåret utarbeide ein kontrollrapport for skatteoppkrevjarfunksjonen i den enkelte kommune. Denne omfattar også rekneskapskontrollen som blir utført av skatteetaten. Rapporten blir sendt til kommunestyret i den enkelte kommune med kopi til fylkeskommunen, Skattedirektoratet, Riksrevisjonen, skatteoppkrevjar og kommunen sitt kontrollutval.

Kommunestyret/kontrollutvalet skal etter det som er nemnt ovanfor ikkje lenger behandle sjølve skatterekneskapen, men får ved kontrollrapporten ei tilbakemelding på om skatteoppkrevjarfunksjonen blir utført på ein tilfredsstillande måte. Rapporten inneheld også eventuelle forslag til tiltak og forbetningspunkt. Skattedirektoratet set ingen formelle krav til formell behandling av kontrollrapporten i kommunestyret/kontrollutvalet, men føreset at kommunen følgjer opp eventuelle tiltak og forbetningspunkt.

Skatteetaten vil normalt ikkje møte ved ei eventuell behandling av kontrollrapport/skatterekneskap som kommunestyresak.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

#### **v e d t a k :**

Kontrollutvalet tek kontrollrapport vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen i Norddal kommune datert 12.02.2010 frå Skatteetaten til orientering.

Harald Rogne  
dagleg leiar



Kommunestyret i Norddal kommune  
Rådhuset  
6210 VALLDAL

## Kontrollrapport 2009 vedrørende skatteoppkreverfunksjonen i Norddal kommune

Vi har gjennomført kontroller knyttet til skatteoppkreverfunksjonen for Norddal kommune for 2009. Regnskapet viser per 31. desember 2009 en skatte- og avgiftsinngang<sup>1</sup> til fordeling mellom skattekreditorene (etter fradrag for avsetning til marginkonto) på kr 133 539 865 og utestående restanser<sup>2</sup> på kr 2 314 148. Skatteregnskapet er avgitt av kommunens skatteoppkrever den 22. januar 2010.

### 1. Oppgaver og kontroll

Grunnlaget for skatteetatens kontroll av skatteoppkreverfunksjonen er ”*Instruks for skattekontorenes kontroll av skatteoppkreverne*” av 29. november 2007.

Skattekontoret har ansvaret for å avklare at skatteoppkreverfunksjonen utøves tilfredsstillende i henhold til gjeldende regelverk på følgende områder:

- Ressurser og tilpasset organisering
- Regnskapsføring, rapportering og avleggelse av skatteregnskapet
- Skatte- og avgiftsinnkreving
- Arbeidsgiverkontroll

Riksrevisjonen har ansvaret for revisjon av skatteoppkreverfunksjonen. Skatteetaten utfører oppgavene med kontroll av skatteoppkreverfunksjonen.

### 2. Omfanget av kontrollen

Skattekontoret har i 2009 ikke gjennomført stedlig kontroll av skatteoppkreverkontoret. Siste stedlige kontroll ble avholdt 02.06.2008.

Skattekontoret har i 2009 gjennomført kontorkontroll av skatteoppkreverkontoret for områdene skatteregnskap, innkreving og arbeidsgiverkontroll.

<sup>1</sup> Sum innbetalt og fordelt til skattekreditorene

<sup>2</sup> Sum åpne (ubetalte) forfalte debetkrav



### 3. Resultat av utført kontroll

Basert på utført kontroll mener skattekontoret følgende:

- **Ressurser og tilpasset organisering**

Etter en samlet vurdering finner skattekontoret at skatteoppkreverkontoret er organisert slik at gjøremålene i henhold til skatteoppkreverinstruksjonen kan utføres tilfredsstillende. Skattekontoret har ingen spesielle anmerkninger til kontorets ressursituasjon.

- **Regnskapsføring, rapportering og avleggelse av skatteregnskap**

Etter en samlet vurdering finner skattekontoret at regnskapsføringen, rapporteringen og avleggelsen av skatteregnskapet i det alt vesentlige er i samsvar med gjeldende regelverk og gir et rettviseende uttrykk for skatteinngangen i regnskapsåret.

- **Skatte- og avgiftsinnkrevningen**

Etter en samlet vurdering finner skattekontoret at utførelsen av innkrevingsarbeidet og oppfølgingen av restansene i det alt vesentlige er i samsvar med gjeldende regelverk.


- **Arbeidsgiverkontroll**

Etter en samlet vurdering finner skattekontoret at utførelsen av arbeidsgiverkontrollen i det alt vesentlige er i samsvar med gjeldende regelverk, retningslinjer og at kontrollsamarbeidet utfører kontroller i tilstrekkelig omfang.

### 4. Ytterligere informasjon om kontrollene

Skattekontoret har ikke gitt pålegg og anbefalinger etter sine kontrollhandlinger i 2009.

Vennlig hilsen

  
Rune L. Johansen  
Avdelingsdirektør  
Innkrevingsavdelingen  
Skatt Midt-Norge

  
Stein-Ove Hjortland

Kopi til:

- Kontrollutvalget i Norddal kommune
- Nordre Sunnmøre kemnerkontor
- Riksrevisjonen
- Skattedirektoratet



**SUNNMØRE**  
**KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 17.03.2010

**SAK 13/10**  
**OM KRDS ARBEIDGRUPPE FOR STYRKING AV EIGENKONTROLLEN I**  
**KOMMUNANE**

Som vedlegg følger:

- Ei spesifisering av 85 tilrådingar for styrking av eigenkontrollen i kommunane.

Arbeidsgruppa nemnt ovanfor leverte sin rapport 15. desember 2009. Et viktig formål med rapporten er rettleiing og kompetanseheving som kan bidra til at kontrollutval, revisjon og rådmann betre kan fylle sine roller i eigenkontrollsystemet.

Rapporten presiserer mange av dagens reglar, men gir også tilrådingar til lovendingar. Nokre av forslaga er lite konkrete.

Det er viktig at rådmannen skal rapportere til kommunestyret om arbeidet med internkontrollen (tiltak 25) og at dette bør kome som eit krav i kommunelova. Derimot er det litt uheldig at definisjonen på intern kontroll ikkje er heilt i samsvar med det som er gjengs i fagmiljøa i dag.

Vidare sviktar rapporten i å vere klar m.o.t. revisjonsmandatet. For kontrollutvalet er det eit særskilt viktig tema og det er også viktig i forholdet til arbeidsoppgåver for revisjon og kontrollutvalsekretariat.

Det blir lagt opp til ei drøfting av desse 85 punkta. Forøvrig er sjølve rapporten bestilt og denne kan delast ut i møtet eller eit komande møte.

Harald Rogne  
dagleg leiar

## 13 Oversikt over tilrådingane i del 2

### TILRÅDINGAR OM KONTROLLUTVALET

- Tilråding 1: Kontrollutvalet bør veljast på det konstituerande møtet, saman med formannskap og ordførar. På dette punktet bør kommunelova § 17 nr. 2 og 3 endrast.
- Tilråding 2: Det er behov for rettleiing om arbeidet i kontrollutvalet som er tilpassa behova til medlemmene i utvalet.
- Tilråding 3: Medlemmene i kontrollutvalet må få opplæring. Det er eit ansvar for kommunestyret å sørge for slik opplæring og tilstrekkelege ressursar.
- Tilråding 4: I kvar kommune bør ein gjennomføre ei drøfting av kva slags yrkes- og organisasjonserfaring, utdanning og forhold til andre folkevalde organ ein er tent med å ha i kontrollutvalet.
- Tilråding 5: I kvar kommune bør ein gjennomføre ei drøfting av kor mange medlemmer det bør vere i kontrollutvalet.
- Tilråding 6: Av pedagogiske omsyn bør kommunelova § 77 nr. 2 endrast slik at medlemmer i kommunestyrekomitear etter kommunelova § 10a kjem med i opprekninga av kven som er avskorne frå val til kontrollutvalet.
- Tilråding 7: Leiarar og styremedlemmer i kommunalt åtte selskap bør ikkje kunne sitje i kontrollutvala. Kommunelova bør endrast på dette punktet, og ein aktuell ordlyd i ei ny setning i § 77 nr. 2 kan vere: *"Det samme gjelder den som er leder eller har ledende stilling i, eller er medlem av styret eller bedriftsforsamling for et selskap mv. som kan være gjenstand for selskapskontroll, jf. § 77 nr. 5."*
- Tilråding 8: Kommunelova bør endrast slik at møta i kontrollutvalet som hovudregel er opne møte. Konsekvensane for det praktiske arbeidet i kontrollutvalet bør bli nærare utgreidde, og det er behov for rettleiing til kontrollutvala før lovendringa eventuelt blir sett i verk.
- Tilråding 9: Ordninga med eige sekretariat for kontrollutvalet bør bli evaluert.
- Tilråding 10: Kompetansen og ressurstilgangen i sekretariata bør kartleggjast.
- Tilråding 11: Forskrifta om kontrollutval bør slå fast at korkje medlemmer av kontrollutvalet eller medlemmer av kommunestyret kan vere sekretær for kontrollutvalet. Ein aktuell ordlyd i kontrollutvalsforskrifta § 20 tredje ledd kan vere: *"Sekretariatsfunksjonen kan ikke legges til kommunens eller fylkeskommunens administrasjon. Den som utfører revisjonsoppgaver for den aktuelle kommunen eller fylkeskommunen, kan ikke utøve sekretariatsfunksjoner for kontrollutvalget. Det samme gjelder medlemmer av kontrollutvalget eller kommunestyret eller fylkestinget i den aktuelle kommunen eller fylkeskommunen."*

### TILRÅDINGAR OM INTERNKONTROLLEN

- Tiltråding 12: Kommunane må arbeide for å styrkje internkontrollen. Dette arbeidet må sjåast i samanheng med arbeidet med å sikre kvalitet i tenestene, effektiv ressursbruk og god folkevald styring.
- Tiltråding 13: Administrasjonssjefane må gjere seg opp ei meining om kva for tenking som har prega arbeidet med internkontroll i kommunen til no, og vurdere om andre modellar eller retningar vil høve betre for utviklinga framover.
- Tiltråding 14: Administrasjonssjefane bør basere den vidare utviklinga av internkontrollen på ein risikoanalyse.
- Tiltråding 15: Det er behov for rettleiing om gjennomføring av heilskaplege risikoanalyser i kommunane.
- Tiltråding 16: Kommunane bør basere seg mindre på uformell kontroll. Ei formalisering vil gjere kommunen mindre sårbar for skifte av personell, endringar i omgivnadene og habilitetskritikk og vil auke det organisatoriske minnet.
- Tiltråding 17: Kommunane bør i større grad nytte risikovurderingar i styringa av verksemda og særleg når ein skal definere innretninga på og omfanget av kontrollaktivitetar.
- Tiltråding 18: Kommunane bør i samanheng med behovet for auka formalisering av internkontrollen dokumentere internkontrollen i større grad.
- Tiltråding 19: Kommunane bør ha, bruke og halde ved like dokument som gjer greie for roller og ansvar. I tillegg bør kommunane i større grad inkludere kontrollansvaret i desse dokumenta.
- Tiltråding 20: Kommunane bør sikre arbeidsdelinga ved utforming og utføring av kontrollar. Prinsippet om arbeidsdeling vil seie at ein og same person ikkje skal vere ansvarleg for både aktiviteten og kontrollen.
- Tiltråding 21: Kommunane bør ha ei systematisk tilnærming til kompetanseutvikling og -sikring, gjennom opplæringstiltak og informasjon og ved rekruttering.
- Tiltråding 22: Kommunane bør i den løpande drifta av internkontrollen prioritere nok ressursar og prioritere naudsynt vedlikehald høgare. Sentralt i eit velfungerande vedlikehaldsregime er det at ansvaret for oppdatering/revidering av dokumentasjonen er tydeleg plassert. Det er vidare sentralt at oppdateringar/revideringar av til dømes risikovurderingar og dokumentasjon skjer regelmessig og i faste intervall, til dømes i eit internkontrollårshjul.
- Tiltråding 23: Kommunane bør etablere tiltak som sikrar god løpande informasjon og kommunikasjon til leiarar og medarbeidarar, og som sørgjer for at dei får naudsynt opplæring og kompetanse. Vidare må administrasjonssjefen ta ansvaret for å følgje opp internkontrollen systematisk og reagere ved avvik og brot.
- Tiltråding 24: Internkontrollarbeidet må henge saman med og vere del av organisasjonsutviklinga i kommunen.
- Tiltråding 25: Administrasjonssjefen bør årleg rapportere om arbeidet med internkontrollen til kommunestyret

## 13 Oversikt over tilrådingane i del 2

- Tilråding 26: Departementet bør vurdere korleis eit krav om at administrasjonssjefen skal rapportere til kommunestyret om arbeidet med internkontrollen, kan utformast og takast inn i kommunelova.

### TILRÅDINGAR OM INTERNKONTROLLEN MED ANSKAFFINGAR

- Tilråding 27: Kommunen bør ha tydelege retningslinjer for anskaffingar som mellom anna skil mellom rammeavtalar, direkteanskaffingar og avrop på rammeavtalar. Retningslinjene bør også ha beløpsgrenser for å skilje mellom ulike typar anskaffingar.
- Tilråding 28: Ansvar og roller i anskaffingsprosessen må definerast tydeleg. Særleg er det viktig å vere tydeleg på kva for anskaffingar som kan gjerast av resultateiningane sjølve, og kva for nokre som skal gjerast av staben. Det må òg definerast i kva tilfelle staben skal involverast undervegs.
- Tilråding 29: Ansvar for anskaffingsprosessen bør vere tydeleg. Det vil seie ansvaret for policy og rutinar så vel som ansvaret for kontrollar for å sikre etterleving av prosesskrav og avtalar som kommunen har inngått.
- Tilråding 30: Kommunen bør lage eit system for oppbevaring av rammeavtalar, og avtalane må vere tilgjengelege.
- Tilråding 31: Kommunen bør lage eit system for kontraktsoppfølging som kan handtere endringsordrar og tilleggsarbeid. Dette området bør ha særskilde krav til kontrollaktivitetar som reduserer risikoen til eit akseptabelt nivå.
- Tilråding 32: Kommunen må ha kontrollaktivitetar knytte til bestilling, varemottak og utbetaling for å redusere risikoen for korrupsjon, mislegheiter og budsjettoverskridingar. Kommunen bør mellom anna ha rutinar for kontroll av fakturaer mot kontraktsvilkåra, bestilling og faktisk levering. Arbeidsdeling må sikrast.

### FLEIRE TILRÅDINGAR OM INTERNKONTROLLEN

- Tilråding 33: Internkontrollen til administrasjonssjefen må omfatte finansforvaltninga og vere tilpassa den risikoen som finansreglementet opnar for å ta.
- Tilråding 34: Det er behov for rettleiing til folkevalde i kommunestyra og i kontrollutvala om finansforvaltning og kontrollen med finansforvaltninga.
- Tilråding 35: Departementet bør vurdere revisor sine oppgåver i samband med rekneskapsrevisjonen med sikte på å klargjere om revisor skal vurdere om finansforvaltninga er i tråd med finansreglementet.
- Tilråding 36: Departementet bør vurdere omtalen i kommunelova av internkontrollansvaret til dagleg leiar i kommunale føretak. Ein aktuell presisering i § 71 nr. 2 kan vere: *"Daglig leder skal sørge for at foretaket drives i samsvar med lover, forskrifter og overordnede instruksjer, og at det er gjenstand for betryggende kontroll."*

## Del 2 Aktørane og verkemidla i eigenkontrollen

- Tiltråding 37: Staten bør sørge for at kommunane får ei oppdatert oversikt over føresegner i lover og forskrifter som det er eit krav at dei følgjer opp med internkontroll.
- Tiltråding 38: Det er behov for ein rettleiar som gir konkrete råd til administrasjonssjefar og andre om arbeidet og utfordringane med internkontroll i kommunane. Rettleiaren bør mellom anna omtale gjennomføring av risikovurderingar, utforming av kontrollaktivitetar, oppfølging og vedlikehald av kontrollregimet og samspelet mellom internkontrollen og andre delar av eigenkontrollen og styringssystemet.

### TILRÅDINGAR OM REKNESKAPSREVISJON

- Tiltråding 39: Det er behov for rettleiing retta mot til kontrollutvalsmedlemmene om kva revisor gjer i rekneskapsrevisjonen. Rettleiinga bør bidra til at ein unngår vanlege misforståingar om kva revisor gjer og ikkje gjer.
- Tiltråding 40: Det er behov for rettleiing om kontrollutvalet sitt påse-ansvar overfor rekneskapsrevisor. Kontrollutvala bør få vite om rolla til revisor, dei formelle krava til revisor og gode spørsmål som ein kan stille revisor for å etablere ein dialog og for å få informasjon om arbeidet hennar eller hans.
- Tiltråding 41: Kompetansen i kommunal revisjon bør kartleggjast.
- Tiltråding 42: Departementet bør vere svært tilbakehalde med å dispensere frå kravet til utdanninga til oppdragsansvarleg revisor, jf. revisjonsforskrifta § 11 tredje ledd. Dersom det blir dispensert, bør dispensasjonen berre gjelde for ein avgrensa periode.
- Tiltråding 43: Den som reviderer ein kommune, må som andre revisorar sørge for å ha eller skaffe seg tilstrekkeleg fagleg kompetanse.
- Tiltråding 44: Kommunane som eigarar bør vurdere storleiken på den interkommunale revisjonseininga dei er medeigar i, mellom anna med tanke på behovet for eit sterkt fagmiljø innanfor både rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon. Styret og revisjonsmiljøa sjølve bør vurdere det same.
- Tiltråding 45: Kontrollutvala bør be revisor orientere om det interne kvalitetsarbeidet sitt og om den kvalitetskontrollen ho eller han gjennomgår som medlem i NKRF eller andre organisasjonar.
- Tiltråding 46: Det bør vere statleg tilsyn med revisorar som reviderer kommunale rekneskapar, på linje med det som gjeld for revisorar som er omfatta av revisorlova. Tilsyn frå Kredittilsynet står fram som mest aktuelt. Statleg tilsyn bør utgreiast også når det gjeld forvaltningsrevisjon.
- Tiltråding 47: Det bør etablerast ei sertifiseringsordning for oppdragsansvarlege revisorar i kommunane, både for personar som driv rekneskapsrevisjon, og for dei som driv forvaltningsrevisjon. Ei utgreiing av ei sertifiseringsordning bør gjere greie for ordningar og erfaringar frå andre nordiske land. Utgreiinga bør òg sjå på konsekvensane av statleg tilsyn på dette området og vurdere moglegheitene for ein felles sertifiseringsordning for revisjon i kommunal og statleg sektor i Noreg.

## 13 Oversikt over tilrådingane i del 2

- Tilråding 48: Kommunane bør vurdere om det vil vere tenleg å skifte oppdragsansvarleg revisor seinast kvart sjuande år.
- Tilråding 49: Revisor bør orientere kontrollutvalet om kva ho eller han gjer i samband med å sjå etter at den økonomiske internkontrollen er ordna på ein "betryggende" måte og med forsvarleg kontroll. På bakgrunn av orienteringa bør kontrollutvalet vurdere behovet for å tinge forvaltningsrevisjon av den økonomiske internkontrollen og internkontrollen elles.
- Tilråding 50: Det kan vere behov for å klargjere kva som er innhaldet i og omfanget av revisor sine oppgåver når det gjeld den økonomiske internkontrollen etter revisjonsforskrifta § 3. Eit eventuelt arbeid med klargjering må ta utgangspunkt i gjeldande forskrift, og bør seie noko om behovet for å sjå etter internkontrollen (til dømes på særskilde område som anskaffingar) og om kva som følgjer av revisorlova § 5-1 andre ledd. Eit eventuelt arbeid kan òg ha som mål å utarbeide ein forklarande tekst som kan supplere dei merknadene KRD hadde til forskrifta i 2004.

### TILRÅDINGAR OM FORVALTNINGSREVISJON

- Tilråding 51: Det er behov for nasjonal statistikk om bruken av forvaltningsrevisjon. Tal kvart fjerde år vil vere tilstrekkeleg.
- Tilråding 52: Rapporten etter ein forvaltningsrevisjon bør skrivast slik at han er lett å lese og lett å finne fram i. Samandraget bør skrivast slik at det kan lesast av alle samfunnsengasjerte innbyggjarar.
- Tilråding 53: Det bør leggjast stor vekt på den vurderinga av risiko som skal liggje til grunn for den overordna analysen. Arbeidet med den overordna analysen bør sjåast i samanheng med anna liknande arbeid som er gjort i kommunen, til dømes i samband med internkontrollen.
- Tilråding 54: Det er behov for rettleiing til medlemmene i kontrollutvalet om den overordna analysen med nokre døme på korleis slike analysar kan gjerast.
- Tilråding 55: Kontrollutvala bør leggje forvaltningsrevisjonsrapportar som er ferdigbehandla ut på nettet, så framt dei er offentlege.
- Tilråding 56: Det bør vere rettleiing og arenaer for erfaringsutveksling der kontrollutvala og sekretariata kan få kunnskap om korleis dei kan gjere gode tingingar.
- Tilråding 57: Kommunane bør som eigarar eller tingarar utfordre revisjonseiningane på korleis dei organiserer verksemda og prosjekta, med tanke på å få høgast mogleg kvalitet på forvaltningsrevisjonane.
- Tilråding 58: Revisor bør orientere kontrollutvalet om korleis revisjonsarbeidet er planlagt, og kva det omfattar og ikkje omfattar. Kontrollutvalet har eit ansvar for å skaffe seg denne informasjonen, jf. kontrollutvalsforskrifta § 6.
- Tilråding 59: Kontrollutvala bør oppmode revisor til å gjere kontrollutvalet merksam på område der utvalet bør vurdere å tinge forvaltningsrevisjon og andre kontrollar.

## Del 2 Aktørane og verkemidla i eigenkontrollen

- Tilråding 60: Eit tema for forskning er kva revisor i kommunane faktisk gjer som ledd i rekneskapsrevisjonen, mellom anna når det gjeld den økonomiske internkontrollen. Funna i kartlegginga bør samanliknast med lovverk, praksis og revisjonsstandardar, i Riksrevisjonen og i kommunesektoren i dei nordiske landa. Dette kan vere grunnlag for på eit seinare tidspunkt eventuelt å vurdere om det er behov for endringar i forskrifta, endringar når det gjeld revisjonsstandardar, rettleiingsmateriell eller anna.

### TILRÅDINGAR OM SELSKAPSKONTROLL

- Tilråding 61: Departementet bør klargjere bruken av omgrepa om selskapskontrollen i kontrollutvalsforskrifta og revisjonsforskrifta.
- Tilråding 62: Administrasjonssjefen bør sørge for at folkevalde og innbyggjarar lett kan finne informasjon med oversikt over selskap og anna som kommunen har eigarluter i. Lista bør òg vise kommunale føretak i kommunen, § 27-samarbeid, vertskommunesamarbeid og dessutan stiftingar som kommunen har vore med på å skipe.
- Tilråding 63: Kommunane som eigarar bør avtale korleis selskapskontrollen best kan samordnast mellom eigarkommunane.
- Tilråding 64: Departementet kan vurdere om samordningsansvaret for selskapskontroll med forvaltningsrevisjon bør vere eit obligatorisk element i vedtektene for interkommunale selskap.
- Tilråding 65: Som ei orientering til kommunane og kontrollutvala deira bør selskap med fleire kommunar som eigarar opplyse i årsmeldinga om dei selskapskontrollane som er gjennomførte i løpet av året.
- Tilråding 66: Kommunelova § 80 bør endrast slik at føresegna heimlar innsyn i samarbeid etter kommunelova § 27 som er eige rettssubjekt. Ein aktuell ordlyd kan vere: *"I interkommunal eller interfylkeskommunal virksomhet som omhandlet i § 27, i interkommunale selskaper etter lov 29. januar 1999 nr. 6 og i aksjeselskaper der en kommune eller fylkeskommune alene eller sammen med andre kommuner eller fylkeskommuner eier alle aksjer, og i heleide datter- og datterdatterselskaper til slike selskaper, har kommunens ..."*
- Tilråding 67: Overskrifta i kommunelova § 80 bør endrast slik at ho dekkjer innhaldet i føresegna. Ein aktuell ordlyd kan vere: *"Innsyn i selskaper mv."*
- Tilråding 68: Det er behov for forskning på selskapskontroll i samanheng med den samla folkevalde styringa og kontrollen med kommunalt åtte selskap, føretak og andre einingar. Forskinga kan vere eit grunnlag for eventuelt å vurdere endringar i regelverket, mellom anna reglane om selskapskontroll, for å sikre effektiv folkevald kontroll.
- Tilråding 69: Det er behov for å forske på korleis kommunale føretak blir styrte, og kor effektiv kontrollen er, både med tanke på internkontrollen og på folkevald styring og kontroll.
- Tilråding 70: Det er behov for nasjonal statistikk om bruken av selskapskontroll. Tal kvart fjerde år vil vere tilstrekkeleg.

## 13 Oversikt over tilrådingane i del 2

### **TILRÅDING OM KONTROLLEN MED LØYVINGANE TIL DEI KYRKJELEGE FELLESRÅDA**

- Tiltråding 71: Kommunane bør sikre at dialogen med fellesrådet er tilstrekkeleg og god.
- Tiltråding 72: Dersom det er ønskjeleg lokalt, kan kommunen stille vilkår om kontroll med dei kommunale tilskota til fellesråda. Ein kan her tenkje seg eit vilkår om at kommunen har rett til å føre kontroll med at midlane blir nytta etter føresetnadene.



## **20 Oversikt over tilrådingane i del 3**

### **TILRÅDINGAR OM SAMSPELET MELLOM KOMMUNESTYRET OG KONTROLLUTVALET**

- Tiltråding 73: Kommunestyra må setje av tilstrekkelege ressursar til kontrollutvalet sitt arbeid, mellom anna til rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll.
- Tiltråding 74: Rolla som medlem i kontrollutvalet tilseier at ein ikkje tenkjer parti, men kontroll.
- Tiltråding 75: Det er behov for rettleiing om rolla og arbeidet som medlem i kontrollutvalet. Rettleiinga bør få fram hovudtrekk i dei forventningane og rettane som ligg til rolla som medlem i utvalet, mellom anna i lova og forskrifta. Rettleiinga bør òg få fram ulike personlege erfaringar om korleis kontrollutvalet og medlemmene kan lukkast med oppgåvene og ansvaret sitt. Rettleiinga bør vidare få fram korleis ordføraren, administrasjonssjefen, revisoren og sekretariatet kan medverke til at kontrollutvalet lukkast.
- Tiltråding 76: Kommunestyra må forstå og ta ansvaret for å leggje til rette for ein velfungerande eigenkontroll. Dette handlar òg om tilstrekkelege løyvingar.

### **TILRÅDINGAR OM SAMSPELET MELLOM KONTROLLUTVALET OG ADMINISTRASJONSSJEFEN**

- Tiltråding 77: Kontrollutvalet bør sende kopi av møteinnkallingane sine til administrasjonssjefen for å halde henne eller han orientert.
- Tiltråding 78: Administrasjonssjefen bør trekkjast inn i arbeidet med den overordna analysen som ligg til grunn for planen for forvaltningsrevisjon.

### **TILRÅDINGAR OM SAMSPELET MELLOM REVISJONEN OG ADMINISTRASJONSSJEFEN**

- Tiltråding 79: Det er behov for rettleiing retta mot kontrollutvalet som gjer greie for kva revisor ser etter i revisjonsarbeidet, kva for tilhøve administrasjonen må gi informasjon om til revisor, og rapporteringa frå revisor tilbake til kommunen.
- Tiltråding 80: Revisjonsrapportar bør ikkje vere offentlege før kontrollutvalet har motteke den endelege rapporten med innarbeidde merknader frå administrasjonssjefen. Offentleglova § 5 bør bli endra slik det same gjeld i kommunane som i staten (Riksrevisjonen).
- Tiltråding 81: Det bør vere tilstrekkelege moglegheiter til å nekte innsyn i dokument som blir sende mellom kontrollutvalet og revisoren på den eine sida og andre delar av kommunen på den andre. Det tilsvarande gjeld for dokument som blir sende mellom kontrollutvalet og revisoren. Offentleglova bør derfor evaluerast på dette punktet.

### **TILRÅDINGAR OM SAMSPELET MELLOM EIGENKONTROLLEN OG FYLKESMANNEN**

- Tiltråding 82: Departementet bør avklare i kva grad kommunale revisorar kan og skal melde frå i tråd med krava i kvitvaskingslova.

### Del 3 Samspelet mellom aktørane

- Tiltråding 83: Kommunane bør sørge for at tilsynsrapportar blir behandla på ein eigna måte i dei folkevalde organa i kommunen.
- Tiltråding 84: Sekretariatet bør sørge for å halde kontrollutvalet orientert om planar og rapportar frå statlege tilsynsmyndigheiter som har interesse for kommunen og kontrollarbeidet.
- Tiltråding 85: Fylkesmannen bør i samband med planlegging og gjennomføring av tilsyn halde seg orientert om planar og resultat i den kommunale eigenkontrollen. Det bør vere eit mål at kommunar ikkje får tilsyn på område der dei nyleg har gjennomført eller snart skal gjennomføre forvaltningsrevisjon. Dette bør gå fram av relevante styringsdokument frå departementa til fylkesmannen.

**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 17.03.2010

**SAK 14/10  
OM BYGGELØYVER I KOMMUNEN**

Rådmannen blir bedt om å gi ei orientering.

Harald Rogne  
dagleg leiar